



Svala 4H



Varhaug
Bondekvinne­lag

Varhaug Buen

Lokal-lagsavis utgitt av Varhaug BU, Svala 4H, Varhaug
Bondelag og Varhaug Bondekvinne­lag



Varhaug BU



Varhaug
Bondelag

Mars 1998

Kor vert vinteren av?



**Vekk med
Odelsloven?**

Side 3



Varhaug
Bondekvinne­lag

**Kva er bonde-
kvinne­laget?**

Side 8



Varhaug
Bondekvinne­lag

**Medlemsmøte
hos Mons**

Side 11

Internatet

Åpe Hus på Internatet



Ole Dagfinn Berge

Lordag 6. desember hadde me Åpe Hus på internatet. Det var servert gratis risengrøt og kaffi/småkaker. Det var ikkje så veldig mange som kom innom, men dei som kom fekk i tillegg til maten ei omvisning i huset. Gjestene såg ut til å setja pris på begge deler.

Liv



f.v. Sverre Kartevold og Olav R. Husveg

Årsmelding for internatet 1997

Desse har vore i styret:

Olav R. Husveg	leiar	frå bondelaget
Magnar Bjelland	nestleiar	frå 4H
Liv Hobberstad	sekretær	frå bondekvinnelaget
Sigmund Rangen	kasserer	frå bondelaget
Elisebeth Haaland	matr.forv.	frå bygdeungdomslaget

Det har vore eit roleg år for styret. Utanom årsmøtet har det vore 3 styremøter. Men styret har og - samam med ein del andre frå dei 4 laga - vore med på dugnadsarbeid. Bondekvinnelaget har hatt ansvaret med vasking av møteromet.

4H har også dette året hatt ansvaret for plenen.

Nå er vevromet ferdig rehabilitert. Det er skifta vindu på sør, taket er mala, øvre del av veggane tapetsert og nedre del panelt. Vidare er det lagt nytt golvbelegg i det minste romet, det er sett nye omnar og ein har fått skikkeleg arbeidslys. Det einaste som står igjen i skrivande stund er gardina, men dei er under arbeid.

Det er og sett inn nye vindu mot sør sjå dyrlegane.

Styret vil takka alle som har vore med



Hege Kvía forsyner seg med fløytekake

på dugnadsarbeid. Desse velvillige personane er nødvendig for at laga skal kunna eiga og driva INTERNATET.

Mange takk alle saman!

f.v. Magnar Bjelland, Aud Håland og Anton Tjemsland



Det nye styret i Internatet

Leiar:	Olav R. Husveg (bondelaget)
Nestleiar:	Anton Tjemsland (bondelaget)
Kasserer:	Tor Jan Lende (4H)
Sekretær:	Liv Hobberstad (bondekvinnelaget)
Matr.forv.:	Elisebeth Haaland (bygdeungdomslaget)

**Støtt våre
annonsører
Dei støtter oss**



"BYGDEFESTEN SOM SOSIAL MØTEPLASS"

Bygdeungdomslag var i år på Moi hotell, den 20-21. Februar. I frå Varhaug reiste Ingunn, Steinar og Kjetil. Me i frå Varhaug har ikkje så god avstands-beregning, me trudde Moi var rett etter Egersund. Det var rett for me snudde. For dette var langt, spesielt når me ikkje kjørte om Bue. Men me kom fram i tide, og fekk litt mat før det heile begynte. Etter namneoppdrag og forskjellig gjekk me igjennom rekneskap og årsmelding for 1997. Det har vore mange aktivitetar i fylket. Mange gode fester og andre tiltak. Etter leiars tale debatterte årsmøtet sakene. Etter nokre forandringar blei sakene godkjende. Kwart år er det inviterert ein gjest som held eit innlegg. Dette året var det halde av Harald Aursland, eigar av Sirdal Hogfjellshotell. Han er også tidlegare leiar av Bryne FK. Dette innlegget var veldig interessant. Han snakka om korleis me i bygdeungdomslaget bør profilera oss i framtida. Då snakka han ein del om Jærdagen, der Rogaland Bygdeungdomslag eig heile 40 %.

Jærdagen feirar 40-årsjubileum i år. Me må satsa på det norske i mykje større

grad. Til dømes norsk mat.

Uttalen frå årsmøte i Rogaland Bygdeungdomslag var nok den som opp-tok utsendingane og andre mest. Me

hadde ein ganske livleg debatt rundt den, for årsmøtet vedtok denne.

På laurdags ettermiddag vart dei i det nye styre valde.

Uttale fra Arsmøte i Rogaland Bygdeungdomslag:

Vekk med odelsloven?

Rogaland Bygdeungdomslag mener at det bør settes et kritisk søkelys mot odelslovens funksjon i dagens landbruk.

Norske gårdsbruk har for sterke familiære tradisjoner. Ved generasjons-skifte på et gårdsbruk er det i mange tilfeller førsteprioritet å la gården gå i arv i familien. Interessen for gårdsdrift hos den fremtidige bonden, kommer lenger ned på prioriteringslisten.

Odelsoven gjør det vanskelig for ungdom, som ikke har odel, til å kjøpe gårdsbruk. Bondeyrket er et dårlig betalt yrke, sett i sammenheng med arbeidsinnsats. Derfor liker en heller å si

at det er en livsstil. Når ungdom uten odel allikevel ønsker å gjøre en så stor investering, burde de heller hatt for-trinn foran fjerne slektninger nedover i "odels-hirarkiet". Nettopp fordi en slik vilje vitner om stor interesse for faget. Og den interessen trenger norsk landbruk.

Mange vil si at en mister styringen dersom en fjerner odelsloven, at det i praksis vil si at landbrukseiendommer blir sluppet på det åpne markedet. Men kommunene og fylkene vil fortsatt ha muligheten til å hindre at landbruks-eiendommer blir kjøpt opp som ferie-steder, samt hindre oppstyking av jorda ved hjelp av konsesjon- og jordloven.

Årets tevlar i frå Varhaug

Årets tevlar i fylket vart Per Erik Skretting. Gratulerer!

Då tevlingsprisane skulle delas ut var det mange premiar til dei Varhaug. Men oppmøtet var heller labert, så me fekk med oss ei heil øskje heim. Dei Varhaug er nokre pålitelege tevlarar, håper dei fortsett med dette.

Ingunn

 **Bohus**
STUELAND

VARHAUG: Tlf. 51 43 00 77



Årsfesten

Etter årsmøtet var det bønn gass heim og dusje, sjølv om det var langt. På festen fekk me servert oksesteik, youghert-dessert og mykje god underholdning. Etter tevlingspremiane hadde blitt delt ut ryddast salen til dans. Det viste seg at folk var vanvittig godt i form og det var ikkje berre swing det gjekk på her nei. Reinlender, polka, line-dancing og anna. Det var altfor "tidleg" å slutta ved eitt-tida. Mange kunne haldt på heile natta. De som ikkje var på denne festen kan berre trega.
DET ER INGENTING SOM SLÅR BU-FESTANE!!!



**– En god
kontakt
på Jæren**



**Aanestad
Elektro as**

Tlf. 51 43 75 33 - Vakt 94 67 37 36



Nye styret i RBU

Leiar:

Per Terje Dalen, Nærbø

Org. Nestleiar:

Rune Haugland, Time

Nestleiar:

Anja Haaland, Gjesdal

BP-leiar:

Janne Skjæveland, Bjerkreim

Info-leiar:

Brit Tove Nedrebø, Time

Tevlingsleiar Inne:

Marie Høyland, Nærbø

Tevlingsleiar Ute:

Rune Osland, Bjerkreim

Amatorleiar:

Kjell R. Hammersland, Høyland

Leikleiar:

Wenche Bue, Bjerkreim

Redaktor:

Anna Stavnheim, Vigrestad

1. vararepr.:

Jorunn Sør-Reime, Vigrestad

2. vararepr.:

Lisa Breiland, Finnøy

3. vararepr.:

Cathrine Winterstø, Sokndal

Erik Håland Maskin A/S

Klokkarvegen 12 – 4360 Varhaug

Foretaksnr.: 947 504 436

Telefon: 51 43 12 99

Telefax: 51 43 10 85

Mobil: 94 67 35 76

Bankgiro: 3270 05 07970



Kølleturnering og fest



Det er enda ikkje for seint til å komma i form til den 21. Mars. Treningane er på barneskulen kvar onsdag og torsdag klokka 19.30. Høgetrening er aktuelt. Ta kontakt med Steinar (51430518) dersom det er noko du lurar på. Det er tradisjon med kølleturnering her på Varhaug. Det har vorte arrangert fleire år på rad no. Nå blir det også fest på kvelden. Her skal "Bad lands" spele (ei lokal gruppe fra Varhaug). Det vil komma informasjon om dette seinere. Er det nokon som er interesserte i å delta i turneringa er det bare å melde på lag til Steinar, eller stille opp på treningane.

Styret

"Køllefestplanleggingstur" til Gilja

6.-8 mars reiser me nok ein gong til Gilja og Orrebu. Her er det festen som står i fokus. Her er det fritt fram for kven som vil å være med. Bare ta kontakt med ein i styret. Eller bare kom som du er.



Tidligere år har det vært høy intensivitet og mye folk på kølleturneringen.



**Størst og best
i sport i Hå**

G-SPORT NÆRBØ

TLF. 51 43 43 42, TORGSENTERET, 4350 NÆRBØ



ODLAND 4/s

4360 Varhaug

Tlf. 51 43 09 59

**Forskaling og støyping - Betong- og trearbeid
Salg og montering av element - Armering -
Tegning**



Komlefest med innslag Postmann

Eg antar at alle veit kva som skjedde der... Alle som ikkje var her gjekk glipp av mykje. Komler, dans og ikkje minst nakne rumper. Midt i komlemiddagen entra to Gjesdalsbuer podiet og dro ned buksa. Enda godt det ikkje var ein håbu. Då hadde me nok ikkje fått så mange andre nyheiter i de neste månedane. Mange av oss som deltok på festen trudde det var di Bjerkreims nye form for humor. For maten song me jo om alle sauene med scrapie. Er det ikkje sauekjot som vert servert til komla då... Ein uformell konklusjon kan då trekas: Gjesdalsbuar er vel ikkje heilt uberørte dei heller. Mandag 8. Desember span-

derte Rogalands avis ei heil side om dette. "Med rumpa bar på komlefest". For festdeltakarane la ikkje dette noko demper på festen. Det var ikkje mange som ikkje var ute på dansegolv et den kvelden.

BU-midler er aktuelle. Her kan du få tilskot til nisjenæringar. Eg lurar på om det var dette drosjesjåføren hadde i tankane då han fungerte som guide i dei seine nattetimar i Vikeså. Andre overtok guidinga lenger ute på natta. Med dorene og vindaugne opne var det klart for å reise heim att. Ein uforglemmelig fest for dei flest...

IH

Pat er tilbake

Me har sidan sist hatt to diskotek på Elgane. Det har vore om lag femti ungar per gong. Stemninga er vanvittig god, og det er ikkje så veldig mange som sit stille når Tor Jarle er i gang med musikken. Musikken varierer i fra barnesanger til disco-musikk. Barbie-girl er veldig populær, men det er Postmann Pat som rår. Dette er den nyaste slageren på golvet. Kalle klovn ligg ikkje så langt bak han heller. I danse- og limbokonkurransane er det bønn gass. Det er mange som er skikkeleg flinke til å dansa. Me har satt datoar framover:

27. februar, 13. Mars og 27. Mars. Diskoteket begynner klokka 19 og varer til klokka 23. Det koster 20 kroner, og det er muligheter for å snopa litt.

Først på Jæren !

Du kan nå få utført dine banktjenester også på internett



Ønsker du mer informasjon, kontakt oss.
<http://time-sparebank.no>

Bryne
51 77 91 00

Varhaug
51 43 11 24

Kvernalund
51 48 73 00

Undheim
51 48 44 73

TIME SPAREBANK



**Jæren
NATURTERAPI**

Gjertrud Hobberstad
Naturterapeut MNNH

Aromaterapi
Zoneterapi
Kinesiologi
Øreakupunktur



Dysjalandsv. 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 00 36



NBU's haust-arrangement

I år er haustarrangementet lagt til Orre. Det vert ei helg fylt med tevling, fest og aktivitetar. Mange seier at "Haustarrangementet er dobbelt så gildt, og halvparten så dyrt som ein landsleir". Det vert lagt stor vekt på det sosiale under dette arrangementet, dette er festane:

Torsdag: ployemiddag
Fredag: Velkomstfest, på
Bronnhuset på Bryne
Laurdag: Bankett
Sondag: Nachspiel

Det vert arrangert masse tevlingar: NM i ploying (teigplog og vendeplag), maskinmjølkning, eksteriordømming av sau, eksteriordømming av gris, osteanretning, kombinert skogbruk, skogplanting og NBU-M. I spekemat lag. Dette her vert ei knallbra helg, så her stiller me alle opp.

Ingunn

NBU's HAUSTARRANGEMENT



"Dobbelt så gildt, halvparten så dyrt"

Sommersprell 98

Sommersprell-98 vert arrangert av Time og Orre BU 26-28. Juni. Plassen er ikkje heilt sikker endå, men informasjon om dette kjem seinare. Her vert det fotballturnering, volleyballturnering, "skivann-hopping", "Treff blinken vert blaut", FM i swing, kvinnebæring og andre tevlingar. Det vert dans både fredag og laurdag og muligheter til overnatting for dei som ønskjer dette. Men kanskje best av alt:

**NORGE-BRASIL PÅ
STORSKJERM!!!**

IHR

Grautfest'97

Og alle hjerter gleder seg... Dei fleste var heilt klare for ein fest teti opp under julafta. Så me heiv på oss finstasen og reiste av gårde til Haarrheimen. Det er alltid godt med ein tallerken med graut, tykte me som prøvde. Det blir ikkje jul utan graut, bare så det er sagt. Då Tommy og tigreren var klare brakte det formelig laust. Golvet rista og møblene dansa med. Og grønningane har ikkje forandra seg, me må nok bare akseptera alle mytene generasjonen over oss har fortalt

oss om i årevis. Me som stod nede var livredde for å få bygning og dansegilde folk i hovudet, så me forskansa oss på kjøkken. Etter kvart talde me ganske mange der. Varhaugsfolk, Orrebuar og ein einsam Høylandsbu. Oppe rista det ganske godt sjølv om klokka nærma seg stengetid. Då Tommy og tigreren takka for seg stod stereoanlegget klar og gangen fortsatte. Dørene blei ikkje låste for ved tre-tida.

Diskotek på Ungdomsskolen

Me i BU har sagt ja til å overta diskoteket på ungdomsskolen. Dette vert arrangert ei helg i månaden. Her satser me blant anna på å leige inn lokale band. Me er opne for forslag. Sjå etter plakater.



Varhaug Servicenter A/S

Tlf. 51 43 02 33 - 4360 VARHAUG



Kva er bondekvinnelaget?

Norges Bondekvinnelag (NBK) er ein partipolitisk nøytral landsomfattande kvinneorganisasjon. Det første lokallaget vart stifta i 1917. NBK vart eigen organisasjon i 1946, og er i dag ein av Norges største kvinneorganisasjonar.

- NBK har nært samarbeid med Norges Bondelag og Norges Bygdeungdomslag.
- Norges Bondekvinnelag arbeider for levande bygder i eitt nytt årtusen.
- Kva kan bondekvinnelaget gjera for DEG?

Gleder - gjennom fellesskap med andre.

Utfordringar - gjennom eigenutvikling

Påverknad - gjennom aktiv deltaking i samfunnsdebatten.

Bondekvinnelaget er oppteken av kultur og tradisjon. Med rotfeste i lokal kultur og tradisjonar, ynskjer bondekvinnelaget å få til vekst og trivsel i bygde-Norge.

Kva skjer i bondekvinnelaget

Februar 26: Lagsmøte. Me får besøk av Stil og Fargekonsulent Gunn Nedrebo Auglend

Mars 26: Lagsmøte. Sjukepleiar Greta Møll - som har etterutdanning i kreftsjukepleie - vil snakka om «Alle kjenner vel noen som har kreft»

April 30: Lagsmøte. Klokkegarden er innbedt. Det vert bingo, god mat, og musikk av toradergjengen frå Brusand.

Mai 17: Nasjonaldagen. Me går i folketog!

Juni 11: Tur til Botanisk Hage. Me reiser med buss, Høve til å kjopa stauder.

Lagsmøta er åpne for alle. Dersom DU finn noko av interesse her, er du hjarteleg velkommen.



BYGGMESTER / AUT. ENTREPRENØR

Mindor Skretting

Dublandsveien 13, 4360 Varhaug

Telefon: 51 43 13 50 * Fax: 51 43 44 70

Mobil 964 15 499

Kurs

Vevkurset er nå godt i gang med 8 deltakarar. Det var og lyst ut eit kombinert kappekurs/omsying av bunad. Dette var det ingen som melde seg på, så det er heilt tydeleg at ingen har opplevd at bunaden har «kråpe» i skapet i vinter. På kurset ifjor, var det mange som hadde slike bunader!

Me vil og prøva å få til eit flatbrod-kurs, slik at me kan vera godt rusta til Marken.

Er det kurs de ynskjer me skal ha, så ta kontakt med ein i styret.

Lagekveld

For 2 år sidan hadde me noko me kalla «lagekvelder» på Internatet. Dette vil me starta opp igjen med nå. Du som vil vera med på dette, kan ta kontakt med nestleiar, Evy Haugland, eller ein annan i styret.

«Spøding»

Norges Bondekvinnelag si «fanesak» i år er strikking, eller spøding på godt jærsk. Ta med deg spødet, og kom og vær med oss i bondekvinnelaget!

Du er og velkommen i laget utan spød!



Felleskjøpet

avd. Varhaug

Tlf: 51 43 00 22 Fax: 51 43 00 52

Åpent: 08:00-16:00

Lør: 09:00-13:00

STIHL

MOTORSAG

Labb

HUNDEFØR

PLENKLIPPER



butikk



Varhaug Bondekvinnelag



Litt frå leiaren i VBK - Aud Håland.

Temakurs i RBK

Temakurset til Rogaland bondekvinnelag var i år lagt til Jæren Hotel i tida 6. - 7. februar.

Det første temaet som blei tatt opp, var trygdeordningane i landbruket. Alle bønder som blir sjukemeldt, ville få eit skjeme til å fylla ut. Der skal dei kryssa av på kor mykje dei har klart å gjera i sjukemeldingsperioden.

Dette syntes vi var veldig urettferdig, då ingen andre sjølvstendig næringsdrivande må fylla ut slike skjema. Sidan dette skjemaet berre berører bøndene, syntes vi at skjemaet burde utgå.

Svein Helge Harbo tok for seg velferdsordningane i landbruket.

Solvor Skogen Sæterbo er styremed-

lem i NBK. Ho snakka om inspirasjon i bondekvinnelaget

Medlemsverving går alltid igjen når ein er på kurs. Ikkje vær så opptatt av dei heilt unge. Vi har mange litt eldre som godt kan bli medlem.

Den andre dagen hadde vi innspel frå lokallaga, der alle som ville kunne fortelja litt frå sitt eige lag, og måten dei driv på.

Når eg samanliknar vårt lag med andre, synest eg at vi driv nokså tradisjonelt og midt på treet.

Vi fekk og orientering om Miljøutvalget i NBK, og til slutt hadde vi organisasjonssaker.

I det heile var det eit både gildt og eit lærerikt kurs. Helsing Aud

ALLE, NOEN, ENHVER og INGEN

Dette er historien om fire mennesker kalt ALLE, NOEN, ENHVER og INGEN.

Det var et viktig arbeide som skulle gjøres, og ALLE var sikker på at NOEN skulle gjøre det.

ENHVER kunne ha gjort det, men INGEN gjorde det.

NOEN ble sinte på grunn av dette, for det var ALLE'S jobb.

ALLE trodde ENHVER kunne utføre det, men INGEN forstod at ALLE ikke ville gjøre det.

Det endte med at ALLE bebreidet NOEN da INGEN gjorde hva ENHVER kunne har gjort.

Gilde Agro Fellesslakteri BA

Kjøttprodusentenes • bedrift
• interesseorganisasjon
• varemerke

KJØTTSAMVIRKET TIL KJØTTPRODUSENTENS BESTE



NÅR DET GÅR
FORT I SVINGANE

Det er kanskje ikkje ein slik lek som tid. Derfor er kvar dagane ein viktigast.
Derfor kroppen har like mykje energi som dei brukar, er den i likevekt. Sorg for det!

TINE Møbler og Sør TINE



JENTELOVEN

Du er enestående

Du er et verdifullt menneske

Du har fått ditt vett for å bruke det

Du har erfaringer - som andre ikke har

Du har noe å gi - som andre ikke har



EN LOKAL MESTER STÅR BAK



SL.BYGG AS
SKRETTING & INGEBRETHSEN

TH.: 51 43 04 95
Fax: 51 43 25 90

Tradisjon i solid håndverk



Januarmøtet

«Når det eksotiske utland blir hverdagsliv og alvorlig - mitt møte med Israel»

Dette var tittelen på programmet til Anette Fløystøl, som Varhaug bondekvinnelag hadde på sitt januar-møte. Fløystøl er fra Mandal, og er utdannet sykepleier med praksis fra India. I 1991 sa hun ja til seks år i Israel. Hun gikk nesten et år på språkskole, og fungerte også som NRK P2's kontakt fra

Israel i programmet «Inne-Ute».

Fløystøl kåserte lett og engasjerende om tiden i Israel, og om hvordan hun møtte og taklet en helt fremmed kultur. Hun tok for seg hvordan det var å være ny i et totalt ukjent land. Hva var vanskelig? Hva var lett? Hva gjør vi feil, og hva kan vi lære av feilene?

Hun kom og inn på hvordan vi kan forholde oss til utlendinger i Norge

Vi har lett for å se på et opphold i

utlandet som spennende og eksotisk. Det meste er nytt og totalt annerledes enn hva man er vant til hjemme. Det ukjente er forlokkende og tiltrekker oss med magisk kraft. Men hverdagen innhenter oss også når vi er utenlands, og det som er spennende og nytt, blir hverdagslig. Det er vel først når den endringen har skjedd, at man virkelig kan lære en annen kultur og et annet land å kjenne.

Vi har også anledning til å møte det eksotiske her hjemme, gjennom det uttall av utenlandske kulturer som er representert. Men da må vi møte mennesker fra andre land med åpenhet, og ikke med fremmedfrykt og forakt.

Alt dette ble belyst i foredraget, sammen med lysbilder fra Israel.

Det var en gild og lærerik kveld. Programmet var bestilt gjennom Hå folkeakademi, og kan anbefales på det beste.

Liv

Varhaug Damefrisør

Einervegen 3

Varhaug

Tlf. 51 43 07 57



JÆRBETONG A.S

Njølstad, 4350 NÆRBØ

51 79 18 00

Fax 51 79 18 02

Betong bestilling:

51 79 18 01

VI LEVERER:

Ferdigbetong

Betongpumping

Betongpeler

Matpakkeutdeling

Fredag 6. februar fekk eg høve til å vera med til Stavanger og dela ut matpakker til 6. klassane

Eg var og med for 2 år sidan, og det tykte eg var så gildt at eg sa ja med ein gong Olav spurde om eg ville vera med Me var 7 stk frå Varhaug, og Olav og eg fekk tildelt Vardeneset skule

Der ute var det 3 store 6. klassar med 27-28 elevar i kvar. Me skulle hatt med oss ein til ut dit, men så vart dei for få til ein annan skule. «Liv og eg klarer nok 3 klassar» sa Olav, og slik vart det.

Me vart godt motteken på Vardeneset, og det var imponerende å sjå at elevane reiste seg røleg opp då me kom inn i klasserommet. Den klassen eg fekk tildelt hadde overnatta i gym-salen siste natt. Og alle dei som har overnatta med ungar i ein stor sal, veit kor lite soving det vert. Difor var ikkje desse ungane så veldig motiverte til spørsmål og svar. Men det såg ut som dei sette pris på matpakken, som inneheldt ei grov skive med kvitost, 2 med kjøttpålegg og 1 gulerot.

Eg gjekk over til Olav sin klasse etterpå - og det var ein kjempestor «klasse» med ca 50 elevar.

Her var elevane veldig engasjerte, dei stilte mange spørsmål, og me hadde ein lett tone saman med elevar og lærarar.

Ein skikkeleg gild foremiddag i Stavanger, og eg har sagt at eg vil vera med neste gong og.

Helsing Liv



Medlemsmøte

hos Mons Skrettingland 27. Januar

Det møtte 22 stk i maskinhuset hos Mons. Det var laga langbord i den lyse og fine verkstaden. Så der benka me oss for å høyra på Vidvei frå Fjordkjøkken. Han orienterte litt om stoa ved anlegget på "meieriet" (Hos oss på Varhaug vil det alltid bli meieriet). Fjordkjøkken er eigd av Blue Fjord A/S, Brødrene Sirevåg A/S, Gilde Agro Fellesslakteri B/A, Felleskjøpet Rogaland Agder, Rogaland Egglag B/A og Rogalandsmeieriet.

Dei har alt idag fleire middagsrettar å tilby. For. eks svinesteik, kylling-frikassé, sweet & sour og Fårikål (denne blir ein haust/vinter rett som blir tatt av ménen om sommaren). Dei har og laks og torskerett. Men fordi det er så usikker levering av torsken, er ikkje denne så stabil som ønska. Det vil bli 2-3 nye rettar. Dei kjem no mot slutten av mars. Det vil då også bli ein landsdekkene reklamekampanje. Til ho har produkta vore markesført, seldt mest i Rogaland

og Oslo området.

Ellers var det eit tøft marked med fleire konkurentar. Interesse for middag med kort tilberedningstid er viktig for yrkesaktive folk. Men marginane for å tene pengar er små. Porsjonane som går for ca. 40kr i butikken, får bedriften berre 13kr for.

Etter eit interessant foredrag gjekk me og såg på det nye huset, melkerommet til Mons. Det var eit flott tilbygg med rom for veterinærer, avløyssarar, og andre besøkande, toalett og dusj. Sjølv melkerommet var lyst, reint og triveleg. Eit fint rom å begynna dagens økt i.

Imens sto grytene og varma opp ferdigmaten frå Fjordkjøkken. Dei span-derte kylling-frikassé på oss. Det gjekk ned på høykant, og me vil her takka for maten. Ellers gjekk droset duale, og alt tyder på at bønder har mykje å snakka om når dei er ilag over kaffikoppen.

Me sende ein takk til Mons fordi me fekk koma på besøk.

hbs

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT

4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE • SELSKAPSMAT

Opprett BSU hos oss nå,

og vi kan gi deg

90% lån til 60% pris

til ditt første boliglån

SpareBank 1 SR-Bank

Best når det gjelder



Leiartreningskurs

Fredag 23. Januar reiste Kjell Skretting, Helga Bøhn Skrettingland, Solveig Årdal, Arne Odland og Geir Egil Aanestad på leiartreningskurs. Vi var på kurs i haust òg, men vi var vel ikkje heilt fornøgd med dette. Litt for lite relevant i forhold til arbeidet vi skal utføra som styre i bondelaget. Vi ville difor prova noko anna.

Dette kurset skulle vera eit leiartreningskurs, og hadde som undertittel «Heila styret på lag». Kursleiartrener var Kjell Tennfjord, fotballinteresserte kjenner han som

trenar for fotballklubben Brann.

Vi møtte opp på Radisson SAS hotell i Stavanger, tidlegare KNA Hotellet, klokka 1200 for innsjekking og lunch. Etter eit velsmakande og styrkjande måltid var vi raskt i gang med det faglege. Det skifta mellom forelesning og gruppearbeid, kun avbrutt av korte kaffipausar, «friminutt». I halv sju tida var vi ferdige for dagen og hadde ein liten time til avslapping og pleie av trøytt kroppar, før vi alle samlast til ein betre middag.

Menyen var elgsteik. Eg vil nytta anledningen til å skroyda litt av maten. Både lunch-borda og middagen var av ypperste merke, det smaka herleg. Kvelden vidare var fri til å gjera det vi ynskte.

Lørdagen starta med frukost klokka 0730 og meir undervisning/foredrag av Kjell Tennfjord. Etter lunch var det framføring av gruppearbeid vi hadde arbeidd med dagen før. Med påfølgande kommentarar og konstruktiv kritikk.

Høyrtes det spanande ut? Vi var alle enige om at det hadde vore eit velukka kurs. Personleg tykte eg at Kjell Tennfjord var ein usedvanlig dyktig kurshaldar, veldig interessant å høyra på, han hadde ein egen evne til å få forsamlinga med seg. Sjølv om ein etter ei hard veke kunne vera trøyt og sliten, var det ingen problem å fylgja med. Bra gjort. Han hadde òg eit behagelig og vinnande vesen.

Andre lag som deltok på kurset var Høyland Bondelag, Høyland Bondekvinne- og Fjellbygda Bondekvinne- og Klepp Bondekvinne- og Gjerdal Bondelag, Bjerkreim Bondelag og Skjold Bondelag.

GEAA



Telefon 51 43 11 08

Mob.tlf. 94 60 16 37

" 94 60 16 24

Damebyen 27, 4360 Varhaug

**WALDELAND
& DUBLAND A.S**

Djupholdsv. 3, 4360 Varhaug

Alt i mur - puss - fliser

Mobil: 946 70 773

Tlf. 51 43 05 09

Fax: 51 43 12 22



- fagkunnskap gir trygghet.

**DIN LOKALE
TOTAL-
LEVERANDØR
AV BYGGE-
VARER**



Jernbaneveien - Nærbe
Tlf. 51 43 32 84
Dublandsveien - Varhaug
Tlf. 51 43 11 88



Styret

Leiar: Marit Johanne Kartevold

Eg er 15 år og går på Varhaug u. skule. I år er eg leiar, og det går m.a. ut på å leia møta og delta på Svala sine aktivitetar. Eg har valt ei oppgave som aspirantleiar, det går ut på å styra og ordna med aspirantmøta. Dette er eg og Guri Marie i lag om.

Dette er det 6. året mitt i 4H, og tidlegare har eg hatt desse oppgåvene: Bakern, Lille kanin, Aktor i rampelyset, Journalist, Form og fantasi. I fritida spelar eg handball og går på 4H.

Kasserar: Anita Aasland

Eg er 16 år og går på grunnkurs formgjeving på Time v.g.s.

Dette er det 8. året mitt i 4H. Eg har hatt Bakern, Hund, Aktor i rampelyset, Gris, Aspirantleiar, Gøy med garn og Plakat. Dette året har eg valt Sau i oppgave. Då skal eg gje sauene mat og passa på når det er tid for lamming. Dette er det andre året mitt i styret, og eg er kasserar som i fjor. Eg styrer med pen-

gane i klubben. I fritida er eg med vener og passar ungar.

Styremedlem: Guri Marie Flåten

Eg er snart 15 år, og eg går i 9. klasse på Varhaug u. skule.

Dette året er eg med i styret som styremedlem, i fjor var eg og med, då som sekretær. Dette er det 6. året eg er med i 4H, og eg har hatt desse oppgåvene: Bakern, Småsnekkere, Aktor i rampelyset, Blomen, Form og fantasi. I år har eg valt å vera aspirantleiar saman med Marit J. I fritida driv eg med handball og fritidsklubb, dessutan passar eg ungar.

Styremedlem: Reidar Skretting

Eg er 12 og eit halvt år og går i 7. klasse på Varhaug skule. Dette året skal eg vera styremedlem i Svala 4H. Eg har vore med to år i 4H. Oppgåva mi i år heiter Kanin. I fritida held eg på med kaninar, og den sorten eg har, heiter Røoynt hermelin.

Plastinn-samling

Siste plastinnsamlinga i 97 hadde me lordag 6. desember. Denne gonga hadde me ny tilhaldsstad ved Felleskjøpet. Takk til dei som stilte plassen til rådvelde for oss. Dei ansvarlege for innsamlinga, Tor Jan, Eilef og Øyvind, var godt nøgde med staden, og me vonar at me får nytta han i framtida og.

Me er godt nøgde med resultatet på 13 ballar i desember. Plastinnsamlinga er og ei av inntektskjeldene for Svala 4H. Jo meir plast me får inn, jo fleire kroner vert det i klubbkassa vår.

Hugs at kvart kilo levert plast betyr støtte til 4H, samstundes betyr det og ein god del for miljøet.

Det er betre å støtta Svala 4H enn å brenna plasten.

JF

Liljekonvallen

Blomstrende gaver til alle anledninger finner du i

Stasjonsveien 14. på Varhaug

Tlf. 51 43 12 72



HÅ REGNSKAP OG DATA A/S

Rådhusgt. 2, Boks 104, 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 04 77 - Fax 51 43 02 28
Mobil 94 67 27 76

**Regnskap - Lønn - Årsoppgjør
Firmaregistreringer - Budsjett m.m**



N • A • R • F
NORGES AUTORSISERTE REGNSKAPSFØRERS
FORENING - MEDLEM

VARHAUG HUD- OG FOTTERAPI

v/Heidi Dubland Bø

- * Hudpleie
- * Fotpleie
- * Hårfjerning
- * Vortebehandling
- * Farge vippe/bryn
- * AHA/Fruktsyre-behandling

Tlf. 51 43 13 69
Stasjonsv. 20, 4360 Varhaug
(2. etc SR-Bank)



Graudafest

Fredag 5. desember va me ca. 30 stk. på ungdomsskulen på graudafest. Dæ kām både nye å gamle medlemma, store som små. Addle fekk graud å ai kværsi flaska mæ brus. Nok graud va darr, sjøl om darr kām nogen mair enn dæ så va påmelt. Annlaug kokte grauden, å den va grævla goe. Silje på Ånest va den så va heldigast, for hu fekk nodå i grøden, å hu fekk då enn smagfoddle premie.

Itte grauden rigga me te bord å stola, sånn atta me konne bjønna mæ juleverkstaen. Mens nogen andre ville bjønna å svinga sæg litt i mittbygge der me hadde disco.

Pludsele kām nissen, addle vart hait viddle, å di fekk kvær sin gave. Di fleste såg ud te å vær fornødde mæ innhålle i den.

I løbe av kvellen vart dæ lagt mōje fine julapynt i juleverkstaen, me lagte for eksempel nissa, me pynta fyrstikke-ōsje å me malde au på te-lys. Katrine Sæbo. Tone Skeie å Helga Bo va mæ å viste okke koss me sko laga julapynten.

I mittbygge der dansarane halt te,

va darr sjikkele goe gang, å addle såg ud te å kosa sæg. Dæ einaste va att guttane va litt slove, men itte Solveig å Gunn hadde trua mæ å kyssa addle så ikkje danste, så va darr enn del av di så kām sæg udpå å va mæ jentene å svingde sæg litt. Dæ va tydelevis tryggare å dansa enn å varta kysste.

Me hadde enn sjikkele vellykka graudafest i år, der addle såg ud te å ha hatt enn kjempejille kvell! S og G

Loddsal

Me har i år og fått vår kvote med lodd frå Norske 4H. Desse må me selja, og me har valt å gjera unna salet **tirsdag 31. mars** om kvelden. Alle seniorar og juniorar tek denne oppgåva i lag, og me deler bygda mellom oss.

Me vonar at alle saman tek like godt mot seljarane våre i år som de gjorde i fjor. Då fekk me selt ut alle lodda våre denne kvelden.

JF

Hege & Heidi Salongen AS

Dame & herreklipp

Rådhusgt. 3, 4360 Varhaug

Tlf.: 51431018 Fax.: 51430843



BYGGMESTER
**Jon Harald
Håland a.s**

Kydlandsvegen 6, 4360 Varhaug
Mob. tlf. 94 67 66 48. Tlf. 51 43 07 70
Privat 51 43 05 03



Aspirantmøte

Den 5. februar hadde me det første aspirantmøtet i år. Som vanleg møtte aspirantane fulltallig opp på Varhaug u. skule. Me skulle ha bingokveld saman med fuglekassespikring. Me hadde litt problem med å få dei til ro i byrjinga, men det kom seg etterkvart.

Først av alt hadde me namneopprop, deretter skulle me ha 4H-løftet. Det var mange nye aspirantar som ikkje kunne løftet, og me stressa litt før det fungerte. Heldigvis hadde me med oss nokre jenter (andreårs) som ville ta løftet fleire gonger.

Innimellom bingospela gjekk det ut 7-8 stk. for å spikra fuglekassar på sløyden. Kassane kosta 25 kroner med spikre-



Aspirantjenter spelar bingo



hjelp, og dei fleste spikra det beste dei vann.

Me håpar at alle hengjer ut kassane når våren kjem, og at alle får leigebuarar i dei.

I år har me 36 aspirantar, første og andreårs 4H-arar, og det er litt å halda styr på for

oss to som er aspirantleiarar. Heldigvis har me fått med fire positive foreldre som hjelper oss med mota og andre ting, og desse er Synnøve Skretting, Helga Bø, Gudrun Nord Varhaug og Knut Aanestad.

Elles vil me og seia takk til fuglekassespikrarhjelparane Oddbjørn, Steinar og Kurt.

Marit J og Guri M (asp.leiarar)


Steinar og Espen spikrar fuglekasse



Aspirantleiar Marit les bingo



Varhaug
Handelslag



Adresse:

Blad

Returadresse:

Varhaug Buen
v/ Anbjørn Ueland
Lensmanskjeden 26
4360 Varhaug

Varhaug Buen

Medlemsblad utgitt av Varhaug
Bygdeungdomslag, Svala 4H,
Varhaug Bondelag og Varhaug
Bondekvinneklag

Opplag: 1200

Redaktør:

Anbjørn Ueland
Tlf.: 51 43 13 01

Varhaug BU:

Ingunn Helen Reiestad
Tlf: 51 43 03 24

Tor Jarle Ueland
Tlf: 51 43 07 53

Svala 4H

Jon Flåten
Tlf: 51 43 08 38

Anne Mette Bjelland
51 43 08 04

Varhaug Bondelag

Geir Egil AAnestad
Tlf: 51 43 05 74

Arne Odland
Tlf: 51 43 11 77

Varhaug Bondekvinneklag

Liv Hobberstad
51 43 03 93

Olena Skeie
Tlf: 51 43 25 30

Kva skjer?

Varhaug BU:

Mars

- 13 Disco Elgane
- 21 Innebandyturnering
- 21 Kollefest
- 27 Disco Elgane

Juni

26-28 SommerSprell Orre

September

24-27 RBU's haustarrangement

Svala 4H:

Mars

- 3 Senior/juniormøte
- 5 Aspirantmøte
- 7 Karaokekveld, Brusand
- 28 Skitur, Ålsheia
- 31 Senior/juniormøte med loddsal på bygda

April

- 1 Hugs avtalen i boka
- 2 Aspirantmøte
- 25 Hå cup-volleyball, Varhaughallen.

Varhaug Bondekvinneklag:

Mars

26 Lagmøte

April

30 Lagmøte

Mai

17 Nasjonaldagen

Juni

11 Tur til Botanisk Hage

Varhaug Bondelag:

Mars

12 Vår møte på Misjonshuset kl. 10.00



JÆREN AUTO AS

Bilutleie - Lising - Bilsalg - Periodisk kjøreløyskont. - Bilverksted
Tlf. 51 43 04 22 - 4360 Varhaug

Leie av buss/bil

Internatet:

51 43 78 20

Stoffrist:

22. April 1998

Til nr. 2
Bladet kjem ut uke 20

Lura Trykkeri a.s

STATOIL

Fra:

Statoil Service Varhaug
Varhaug Autosenter, 4360 Varhaug